

Til heimen

Dykkar ref.

Vår ref.
DBS

Arkiv kode
Elevmappe

Dato
23. august 2017

Forventningsdokument

Hå kommune har 5 prinsipp som gjeld for barnehage og skule. Prinsipp 2 seier noko om samarbeidet mellom heim og skule:

Prinsipp 2:

Samarbeidet mellom heim og skule støttar opp under læring og utvikling.

- Skulen har eit forventningsdokument som viser kva skulen forventar av foreldra -
- Kva foreldra forventar av skulen.
- Forventningsdokumentet er eit praktisk reiskap for samarbeid om barna si læring og utvikling.

Gjensidige forventningar

Vi forventar at alle partar

- møter kvarandre med respekt, høfleg og vennleg, og snakkar positivt om kvarandre når barn er til stades og elles
- oppmuntrar eleven til å vera vennleg med andre barn og vaksne
- tar kontakt og gir nødvendig informasjon, også om spesielle hendingar og endringar
- foreldre og tilsette forpliktar seg på å gjera seg kjent med dette dokumentet
- dokumentet vert sendt ut til heimane i første info skriv om hausten, og det må skrivast under på at det er lese

Føresette sine forventningar til skulen

Føresette forventar at lærarane/personalet:

- møter alle elevar med omsorg
- legg til rette for at elevane trivst og kjenner seg trygge
- gjennomfører avtalte konsekvensar ved brot på reglar
- aktivt nyttar handlingsplanen mot mobbing
- legg til rette slik at føresette kjenner seg velkomne om dei vil vera til stades
- kallar inn til foreldremøte tidleg om hausten på trinn/avdelingsnivå
- presenterer SFO-personalet for nye elevar i juni
- lagar tilpassa planar med mål, innhald og eigenvurdering
- legg til rette for elev/foreldre medverknad
- fylgjer opp at arbeidet vert gjort og set krav om innsats
- gir tips og rettleiing om oppfølging av lekser
- gir elev og foreldre tilbakemelding på kor eleven står i høve til måla i kunnskapsløftet og i høve til seg sjølv, individuelle mål
- nyttar Læringspermen som eit verkty for å dokumentere utvikling og læring

Skulen sine forventningar til føresette

Skulen forventar at:

- eleven møter utkvilt, har ete frukost og har med matpakke
- eleven møter presist
- eleven får vera heime ved sjukdom
- føresette held seg orientert om vekeplanar og andre skriv slik at barna kjem godt førebudde til kvar dag
- føresette hjelper eleven til å få gode arbeidsvanar heime, og støtter opp om arbeidet læraren gjer på skulen. Føresette har fokus på mål og læring
- føresette tek kontakt med lærar dersom planane ikkje fungerer. Lærar, elev og føresette justerer planen saman.
- føresette tek direkte kontakt med skulen eller via klassekontakt / FAU om de er misnøgde eller lurar på noko.
- at elevane vert høyrde i leseleksa kvar dag og at føresette fylgjer barna sine godt opp i samband med vekeleksa eleven har både i norsk og (engelsk)
- føresette sørgjer for klede og utstyr til dagens aktivitetar
- føresette deltek i foreldremøte/samtalar

Skulen og føresette sine forventningar til elevane

- Du oppfører deg vennleg og respektfullt mot alle elevar og vaksne.
- Du fylgjer skulen sine reglar og avtalar.
- Du bidreg positivt til god leik i friminutta og seier ja når andre elevar spør om å få vera med.
- Du seier raskt frå til ein vaksen dersom du ser at ein medelev vert plaga eller halden utanfor.
- Du har god arbeidsinnsats og samarbeider godt i timane.
- Du gjer lekse dine.
- Du passsar godt på ditt og skulen sitt utstyr.
- Du er på rett plass til rett tid.

Dette dokumentet skal stå på saklista til første foreldremøtet om hausten. Då kan ein avklara nærare konsekvensar for klassen.

Forventningsdokument skuleåret 2017 - 2018

Me har lese dokumentet og gjort oss kjent med kva som står der.

Underskrift av føresette:

Underskrift av elev:

Trinn:

Dato: